



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 01.03.2018
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Rebecca Riise Bjerknæs	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne Lise Fredly	Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	AP



VOLDA KOMMUNE

Ivar-Otto Kristiansen	Sindre Rotevatn	H
Dag Sveinung Aarflot	Rebecca Riise Bjerknæs	SP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service PS 15/18
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef OS 7/18, PS 18/18 og PS 21/18
Roy Inge Heltne	Brannsjef OS 6/18
Siri Birkeland Solheim	Prosjektleder PS 18/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
OS 6/18	Korleis kan helsefremmande arealplanlegging bidra til attraktivitet i Volda?
PS 13/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
OS 7/18	Ungdommens spørretime
OS 8/18	Orientering om barnehagedagen
PS 14/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 15/18	Kulturminneplan 2017-2021
PS 16/18	Langtidsleige av Volda prestegard til Møteplassen Gnisten
PS 17/18	Utgreiing om organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset
PS 18/18	Volda ungdomsskule - Moglegheitsstudie og grunnleggande føringar for reovering/ombygging
PS 21/18	Utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule
PS 19/18	Volda Campus Arena - kommunal garanti
PS 20/18	Støtte til prosjektstilling skogprosjekt Volda/Ørsta 2018
OS 18/18	Årsmelding for Volda ungdomsråd 2017
OS 17/18	Årsmelding for eldrerådet 2017
PS 25/18	Sunnmøre friluftsråd - Val av styremedlem og varamedlem
PS 26/18	Orienteringssaker
OS 9/18	Sluttrapport kortversjon, prosjekt Skulebakken, orientering til kommunestyret
OS 10/18	Nettverkssamling i folkevaltnettverket 7. februar 2018 i Hornindal
OS 11/18	Årsrapport 2017 frå arbeidsmiljøutvalet



VOLDA KOMMUNE

- OS 12/18 **Referat styremøte Søre Sunnmøre IKT nr 1-2018**
- OS 13/18 **Sjukefråvær 2017**
- OS 14/18 **Status HMT - plan 2017**
- OS 15/18 **Forskrift om samanslåing av Hornindal kommune og Volda kommuner til Volda kommune er fastsett**
- OS 16/18 **Årsrapport om bruk av bedriftshelseteneste i Volda kommune 2017 frå Stamina Helse**
- PS 27/18 **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 14/18 **Ferdigattest, tomannsbustad og garasje Gbr 11/101**
- DS 15/18 **Ferdigattest Gbr 12/54**
- DS 16/18 **Ferdigattest, tilbygg Gbr 17/14**
- DS 17/18 **Melombels bruksløyve Gbr 17/180/0/10**
- DS 18/18 **Løyve til endring Gbr 17/241**
- DS 19/18 **Igangsettingsløyve, parkeringsplass og ombygging Gbr 18/24**
- DS 20/18 **Mellombels bruksløyve, på delar av tiltak Gbr 19/83**
- DS 21/18 **Ferdigattest, ny buening Gbr 19/160**
- DS 22/18 **Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 19/471**
- DS 23/18 **Ferdigattest, øyra skule Gbr 19/877**
- DS 24/18 **Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 19/903**
- DS 25/18 **Løyve til tiltak, felles garasje Gbr 19/493 og 19/991**
- DS 26/18 **Igangsettingsløyve, 2 stk tomannsbustadar Gbr 19/1006**
- DS 27/18 **Ferdigattest, bustad Gbr 21/142**
- DS 28/18 **Ferdigattest, einebustad og garasje Gbr 27/12**
- DS 29/18 **Løyve til tiltak Gbr 30/232 - Mesanin Prestegata 33**
- DS 30/18 **Løyve til tiltak. ombygging Gbr 46/17**
- DS 31/18 **Igangsettingsløyve, tilbygg Gbr 48/11**
- DS 32/18 **Ferdigattes, tilbygg Gbr 54/1**
- DS 33/18 **Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 106/4**
- DS 34/18 **Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 106/4**

Det vart halde opprop og det var 22 røysteføre ved møtestart kl 14:00.

Kulturelt innslag vart halde av Adele Grønmo Ajdinovic som song «Cry me a river», medan Tone R. Aarhus spelte piano.

OS 6/18 Korleis kan helsefremmande arealplanlegging bidra til attraktivitet i Volda?

Handsaming:

Michael Fuller-Gee heldt eit foredrag om arealutvikling til inspirasjon for kommunestyret og andre frammøtte.



VOLDA KOMMUNE

PS 13/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var 26 røysteføre ved godkjenning av innkalling og sakliste. Erlend Koppen ba om permisjon frå kl 19:00.

Innkalling:

Ettersendte dokument 28.02.18:

Vedlegg til PS 15/18 - Kulturminneplan:

- Vedtak frå formannskapet.

Vedlegg til PS 16/18 – Langtidsleige Volda Prestegard:

- Vedtak frå Tenesteutvalet for helse og omsorg.
- Vedtak frå formannskapet.
- Leigekontrakt Prestegarden
- Husreglar Prestegarden

Vedlegg til PS 17/18 – ROP-bustadar:

- Vedtak frå Tenesteutvalet for helse og omsorg.
- Vedtak frå formannskapet.

Vedlegg til PS 20/18 - Skogprosjektet:

- Vedtak frå formannskapet.

Vedlegg til PS 18/18 – Dalsfjord skule:

- Vedtak frå Tenesteutvalet for oppvekst og kultur.
- Vedtak frå formannskapet.

Innkalling med ettersendte dokument vart godkjent.

Sakliste:

Ordførar Jørgen Amdam ber om at OS 6/18 blir tatt først, deretter PS 14/18, OS 7/18 og OS 8/18. Ordførar ber og om at PS 25/18 blir flytta opp til etter PS 21/18.

Ordførar bad om at PS 23/18 ikkje blir behandla av kommunestyret då den ikkje er behandla i rådet per 01.03.18.

Ordførar ber om at PS 22/18 og PS 24/18 blir gjort om til orienteringssaker.

Røysting:

Sakliste med endringar frå Ordførar vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

OS 7/18 Ungdommens spørretime

Handsaming:

Ungdomsrådet stilte spørsmål til kommunestyret og administrasjonen blant anna om tilgang til Munken, ungdomsklubb og fergeruter.

OS 8/18 Orientering om barnehagedagen

Handsaming:

Nina Vedeld Telseth, styrar i Mork barnehage, orienterte om barnhagedagen og tidleg innsats.

PS 14/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var igjen merknadar til møteprotokollen frå førre møte 25.01.18.

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte 25.01.08 vart samrøystes godkjent.

PS 15/18 Kulturminneplan 1917-1921

Formannskapet si tilråding:

I medhald av Plan- og bygningslova § 11-14 vert «Kommunedelplan for kulturminne 2017-2021» godkjent slik det går fram av plandokument pr februar 2018.

Handsaming:

Ettersendt dokument:

- Vedtak frå formannskapet 27.02.18.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 01.03.2018:

I medhald av Plan- og bygningslova § 11-14 vert «Kommunedelplan for kulturminne 2017-2021» godkjent slik det går fram av plandokument pr februar 2018.

PS 16/18 Langtidsleige av Volda prestegard til Møteplassen Gnisten

Formannskapet si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

- 1. Volda kommune går inn på avtale med Opplysningsvesenets fond for leige av Prestegarden i Volda for etablering av dagsenteret Gnisten i huset*
- 2. Årleg husleige på kr 156 000,- vert for 2018 dekt ved bruk av disposisjonsfond. Vidare inndekning vert å handsame i komande budsjett og økonomiplan.*
- 3. Kommunestyret godkjenner at investeringar i nødvendig utstyr mv på inntil kr 510 000 for å etablere seg i bygget vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.*

Handsaming:

Ettersendte dokument:

- Vedtak frå Tenesteutvalet for helse og omsorg.
- Vedtak frå formannskapet.
- Leigekontrakt Prestegarden
- Husreglar Prestegarden

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet då han er kommunalt tilsett og har vore med på å tilrettelegge saka, jamfør koml. §40 nr. 3, b.

Han gjekk frå under handsaming og røysting om gildskap.

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent ugild. Han gjekk frå under handsaminga av saka.

Det er 25 røysteføre.

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 01.03.2018:

- 1. Volda kommune går inn på avtale med Opplysningsvesenets fond for leige av Prestegarden i Volda for etablering av dagsenteret Gnisten i huset*
- 2. Årleg husleige på kr 156 000,- vert for 2018 dekt ved bruk av disposisjonsfond. Vidare inndekning vert å handsame i komande budsjett og økonomiplan.*
- 3. Kommunestyret godkjenner at investeringar i nødvendig utstyr mv på inntil kr 510 000 for å etablere seg i bygget vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.*

Odd Harald Sundal tok sete.

PS 17/18 Utgreiing om organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset

Formannskapet si tilråding med tillegg frå THO:



VOLDA KOMMUNE

1. Kommunestyret godkjenner at bustadane får ei bemanning på 5,32 årsverk (2 på dagvakt og 2 på seinvakt) til ein årskostnad på kr 3 990 000. For 2018 er kostnaden stipulert til kr 3 325 000 (ca 10 månaders drift)
2. Bemanninga vert finansiert slik:

Løyvd i budsjettet for 2018	1 000 000
Intern omdisponering, jfr scenario 4 i saksutgreiinga	1 250 000
Forventa auka inntekter	550 000
Bruk av ubunde disposisjonsfond	475 000
SUM	3 325 000
3. *Bruk av ubunde disposisjonsfond er ei mellombels løysing for 2018 og skal frå og med 2019 dekkjast innanfor sektoren (ev prosjektmidlar til rusarbeid frå Helsedirektoratet eller midlar som kan frigjerast gjennom strukturelle eller organisatoriske prosessar i helse- og omsorgssektoren).*
4. *THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.*

Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.

Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søker midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.

Handsaming:

Det er 26 røysteføre.

Ettersendte dokument:

- Vedtak frå Tenesteutvalet for helse og omsorg 22.02.18.
- Vedtak frå formannskapet 27.02.18.

Arild Iversen frå Krf fremma følgjande:

Kommunestyret ber administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved dei nye bustaden.

Røysting:

Det vart røysta over formannskapet si tilråding med vedlegg frå THO. Den vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Arild Iversen. Det var samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Kommunestyret - 01.03.2018:

1. *Kommunestyret godkjenner at bustadane får ei bemanning på 5,32 årsverk (2 på dagvakt og 2 på seinvakt) til ein årskostnad på kr 3 990 000. For 2018 er kostnaden stipulert til kr 3 325 000 (ca 10 månaders drift)*

2. *Bemanninga vert finansiert slik:*

<i>Løyvd i budsjettet for 2018</i>	<i>1 000 000</i>
<i>Intern omdisponering, jfr scenario 4 i saksutgreiinga</i>	<i>1 250 000</i>
<i>Forventa auka inntekter</i>	<i>550 000</i>
<i>Bruk av ubunde disposisjonsfond</i>	<i>475 000</i>
<i>SUM</i>	<i>3 325 000</i>

3. *Bruk av ubunde disposisjonsfond er ei mellombels løysing for 2018 og skal frå og med 2019 dekkjast innanfor sektoren (ev prosjektmidlar til rusarbeid frå Helsedirektoratet eller midlar som kan frigjerast gjennom strukturelle eller organisatoriske prosessar i helse- og omsorgssektoren).*

4. *THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.*

Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.

Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søker midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.

Kommunestyret ber administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved dei nye bustaden.

PS 18/18 Volda ungdomsskule - Moglegheitsstudie og grunnleggande føringar for renovering/ombygging

Formannskapet si tilråding:

- Kommunestyret tek til vitande teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule, datert 31.08.2017 frå XPRO AS, med konklusjon om at bygningsmassen har eit betydeleg behov for renovering/ombygging for å tilfredsstille dagens tekniske- og funksjonskrav, men at den også har ein vesentleg restverdi som kommunen må søkje å nytte vidare. Kommunestyret gjer vedtak om å gjennomføre eit moglegheitsstudie for å finne nivå og omfang av ombygging og renovering på skulen. Moglegheitsstudiet skal blant anna kartleggje:*



VOLDA KOMMUNE

- *Rom- og funksjonskrav*
 - *Tekniske krav til bygningsmassen*
 - *Myndigheitskrav*
 - *Hovudberesystem*
 - *Økonomisk ramme for gjennomføringa*
 - *Moglegheita for å «ta vare på» tilførte verdier gjennom nylege oppgraderingar*
2. *Kommunestyret gjer vedtak om at ein i moglegheitsstudiet legg seg på eit ambisjonsnivå på 60 – 80 mill eks mva ved ei dimensjonering for ungdomsskuleelevane i sentrum, og 80 – 100 mill eks mva for ei løysing som viser dimensjonering for ev å samle alle ungdomsskuleelevane i dagens Volda kommune ved Volda ungdomsskule.*
3. *Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i moglegheitsstudie:*
- *Ein tek utgangspunkt i dei behova som skulen si brukargruppe peikar på som dei mest prekære, og ser vidare på kva meir ein kan klare å inkludere i prosjektet med det ambisjonsnivået som er satt*
 - *Ein tek utgangspunkt i at hovudbygget skal behaldast, og ein ser på moglegheita for å utvide for å inkludere meir areal til skulen*
 - *Ein tek utgangspunkt i at skulen skal dimensjonerast for minimum 300 elevar, 65 tilsette og 12 klasserom. Moglegheitsstudiet skal også vise korleis ein kan løyse arealbehovet dersom skulen skal dimensjonerast for å inkludere alle ungdomsskuleelevane i kommunen (15 klasserom, 400 elevar og 75 tilsette).*
 - *Det leggst ikkje føringar om at uttrykket til bygget skal bevarast, men det skal gjerast ei eiga vurdering av konsekvensane med tanke på økonomi og bygget sin funksjon dersom ein skulle ynskje å bevare det.*

Handsaming:

Dan Bjørneset frå Høgre fremma følgjande:

1. Kommunestyret tek til vitande teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule, datert 31.08.2017 frå XPRO AS. Kommunestyret gjer vedtak om å gjennomføre eit moglegheitsstudie for å finne nivå og omfang på skulen. Moglegheitsstudiet skal blant anna kartleggje:

- *Rom- og funksjonskrav*
- *Tekniske krav til bygningsmassen*
- *Myndigheitskrav*
- *Hovudberesystem*
- *Økonomisk ramme for gjennomføringa*
- *Moglegheita for å «ta vare på» tilførte verdier gjennom nylege oppgraderingar*

2. Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i moglegheitsstudie:



VOLDA KOMMUNE

- *Ein tek utgangspunkt i dei behova som skulen si brukargruppe peikar på som dei mest prekære, og ser vidare på kva meir ein kan klare å inkludere i prosjektet med det ambisjonsnivået som er satt*
- *Ein tek utgangspunkt i at skulen skal dimensjonert for minimum 300 elevar, 65 tilsette og 12 klasserom og 400 ungdomsskuleelevar (15 klasserom, 75 tilsette).*
- *Volda campus arena skal brukast som gymsal for den nye skulen. Om det ikkje blir realisert skal det byggast ny hall/gymsal ved den nye skulen.*

Arild Iversen frå Krf fremma følgjande:

Kommunestyret ber administrasjonen som del av det vidare utgreiingsarbeidet om å legge fram oppdatert oversikt over elevtalsutviklinga ved skulane i Volda med prognoser for utviklinga i komande år så langt dette er mulig.

Administrasjonen vert beden om grundig å vurdere mulige konsekvensar av skuledrift i anleggsperioden og i tillegg mellombels skuledrift i andre bygg.

Per Svein Krøvel gjekk kl. 18:30.

Det var 25 røysteføre.

Odd Harald Sundal fremma følgjande:

Det skal vurderast areal til ungdomsklubb ved ungdomsskulen i samband med mulighetsstudien.

Ordførar Jørgen Amdam kom med framlegg om punktvis røysting.

Røysting:

Punkt 1:

Det vart røysta mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Dan Bjørneset. Framlegget til Dan Bjørneset fekk 4 røyster og fall. Formannskapet si tilråding fekk 21 røyster og vart vedteke.

Punkt 2:

Det vart røysta mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Dan Bjørneset. Framlegget til Dan Bjørneset fekk 3 røyster og fall. Formannskapet si tilråding fekk 22 røyster og vart vedteke.

Punkt 3, kulepunkt 1:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Punkt 3, kulepunkt 2:

Det vart røysta mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Dan Bjørneset. Framlegget til Dan Bjørneset fekk 4 røyster og fall. Formannskapet si tilråding fekk 21 røyster og vart vedteke.

Punkt 3, kulepunkt 3:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Punkt 3, kulepunkt 4:

Det vart røysta mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Dan Bjørneset. Framlegget til Dan Bjørneset fekk 3 røyster og fall. Formannskapet si tilråding fekk 22 røyster og vart vedteke.

Punkt 3, kulepunkt 5:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget til Arild Iversen. Framlegget frå Arild Iversen vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Odd Harald Sundal. Framlegget frå Odd Harald Sundal vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 01.03.2018:

1. Kommunestyret tek til vitande teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule, datert 31.08.2017 frå XPRO AS, med konklusjon om at bygningsmassen har eit betydeleg behov for renovering/ombygging for å tilfredsstille dagens tekniske- og funksjonskrav, men at den også har ein vesentleg restverdi som kommunen må søkje å nytte vidare. Kommunestyret gjer vedtak om å gjennomføre eit moglegheitsstudie for å finne nivå og omfang av ombygging og renovering på skulen. Moglegheitsstudiet skal blant anna kartleggje:

- ***Rom- og funksjonskrav***
- ***Tekniske krav til bygningsmassen***
- ***Myndigheitskrav***
- ***Hovudberesystem***
- ***Økonomisk ramme for gjennomføringa***
- ***Moglegheita for å «ta vare på» tilførte verdiar gjennom nylege oppgraderingar***

2. Kommunestyret gjer vedtak om at ein i moglegheitsstudien legg seg på eit ambisjonsnivå på 60 - 80 mill eks mva ved ei dimensjonering for 300 ungdomsskuleelevar i sentrum, og 80 til 100 mill eks mva for ei løysing med 400 ungdomsskuleelevar

3. Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i moglegheitsstudie:

- ***Ein tek utgangspunkt i dei behova som skulen si brukargruppe peikar på som dei mest prekære, og ser vidare på kva meir ein kan klare å inkludere i prosjektet med det ambisjonsnivået som er satt***
- ***Ein tek utgangspunkt i at hovudbygget skal behaldast, og ein ser på moglegheita for å utvide for å inkludere meir areal til skulen***
- ***Ein tek utgangspunkt i at skulen skal dimensjoneraast for minimum 300 elevar, 65 tilsette og 12 klasserom og 400 ungdomsskuleelevar (15 klasserom, 75 tilsette).***
- ***Det leggst ikkje føringar om at uttrykket til bygget skal bevarast, men det skal gjerast ei eiga vurdering av konsekvensane med tanke på økonomi og bygget sin funksjon dersom ein skulle ynskje å bevare det.***



VOLDA KOMMUNE

- *Volda campus arena skal brukast som gymsal for den nye skulen. Om det ikkje blir realisert skal det byggast ny hall/gymsal ved den nye skulen.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen som del av det vidare utgreiingsarbeidet om å legge fram oppdatert oversikt over elevtalsutviklinga ved skulane i Volda med prognoser for utviklinga i komande år så langt dette er mulig.*
- *Administrasjonen vert beden om grundig å vurdere mulige konsekvensar av skuledrift i anleggsperioden og i tillegg mellombels skuledrift i andre bygg.*
- *Det skal vurderast areal til ungdomsklubb ved ungdomsskulen i samband med mulighetsstudien.*

PS 21/18 Utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule

Formannskapet si tilråding:

1. *Kommunestyret vedtek at frå skuleåret 2018-2019 skal det vere femdagars skuleveke for alle elevane ved Dalsfjord skule, og vel alternativ 2 i høyringsbrevet som organisering.*
2. *SFO-tilbodet ved skulen vil verte utvida, slik at det også vert open SFO onsdagane.*
3. *Det er ein føresetnad for tiltaket at sektor for opplæring og oppvekst i samråd med Dalsfjord skule finn dekning innan gjevne rammer for 2018. For komande år vert administrasjonen beden om å innarbeide utvidinga i budsjett.*

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 01.03.2018:

1. *Kommunestyret vedtek at frå skuleåret 2018-2019 skal det vere femdagars skuleveke for alle elevane ved Dalsfjord skule, og vel alternativ 2 i høyringsbrevet som organisering.*
2. *SFO-tilbodet ved skulen vil verte utvida, slik at det også vert open SFO onsdagane.*
3. *Det er ein føresetnad for tiltaket at sektor for opplæring og oppvekst i samråd med Dalsfjord skule finn dekning innan gjevne rammer for 2018. For komande år vert administrasjonen beden om å innarbeide utvidinga i budsjett.*

PS 19/18 Volda Campus Arena - kommunal garanti

Formannskapet si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr. 45 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 10.01.2018.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- 1. Garantien er ein sjølvskyldnargaranti*
- 2. Garantien gjeld for inntil 25 år*
- 3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*

Volda kommune garanterer for forskotering av spelemidlar pålydande 29,6 mill kr. Midlane vert finansiert med bruk av disposisjonsfond og vert utbetalt når tilskot er innvilga.

Volda kommune har som intensjon å etablere ein 20 års leigeavtale med Volda Campus Arena. Ein føresetnad for ein slik avtale og garanti for lånet er at Møre og Romsdal fylkeskommune forpliktar seg til tilsvarande langsiktig leigeavtale på 20 år.

Volda kommune garanterar for spelemidlar pålydande kr 29.6 mill - jfr Retningslinjer om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet pkt 2.2.4.

Handsaming:

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 01.03.2018:

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr. 45 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 10.01.2018.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- 1. Garantien er ein sjølvskyldnargaranti*
- 2. Garantien gjeld for inntil 25 år*
- 3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*

Volda kommune garanterer for forskotering av spelemidlar pålydande 29,6 mill kr. Midlane vert finansiert med bruk av disposisjonsfond og vert utbetalt når tilskot er innvilga.

Volda kommune har som intensjon å etablere ein 20 års leigeavtale med Volda Campus Arena. Ein føresetnad for ein slik avtale og garanti for lånet er at Møre og Romsdal fylkeskommune forpliktar seg til tilsvarande langsiktig leigeavtale på 20 år.

Volda kommune garanterar for spelemidlar pålydande kr 29.6 mill - jfr Retningslinjer om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet pkt 2.2.4.



VOLDA KOMMUNE

PS 20/18 Støtte til prosjektstilling skogprosjekt Volda/Ørsta 2018

Formannskapet si tilråding:

Kommunestyret vedtek å bidra med kr 100.000 i støtte til ei prosjektstilling for skogprosjektet Volda/Ørsta 2018.

Tiltaket vert dekt innanfor driftsramma for utviklingssektoren

Handsaming:

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 01.03.2018:

Kommunestyret vedtek å bidra med kr 100.000 i støtte til ei prosjektstilling for skogprosjektet Volda/Ørsta 2018.

Tiltaket vert dekt innanfor driftsramma for utviklingssektoren.

Fride Sortehaug, Erlend Koppen og Dag Sveinung Aarflot fekk permisjon kl. 19:00.

Det var 22 røysteføre.

OS 18/18 Årsmelding for Volda ungdomsråd 2017

OS 17/18 Årsmelding for eldrerådet 2017

PS 25/18 Sunnmøre friluftsråd - Val av styremedlem og varamedlem

Valnemnda si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande representantar til styret i Sunnmøre friluftsråd for to år:

Styremedlem: Tollak Mikal Kaldheim

Varamedlem: Annlaug Stokke

Kommunestyret vel følgjande utsendingar til årsmøte i Sunnmøre friluftsråd (ein av kvart kjønn) for resten av kommunevalperioden:

1. Uthman Harbid

2. Annlaug Stokke

Varautsendingar:

1. Astrid Gjersdal

2. Øyvind Festø



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Røysting:

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 01.03.2018:

Kommunestyret vel følgjande representantar til styret i Sunnmøre friluftsråd for to år:

Styremedlem: Tollak Mikal Kaldheim

Varamedlem: Annlaug Stokke

Kommunestyret vel følgjande utsendingar til årsmøte i Sunnmøre friluftsråd (ein av kvart kjønn) for resten av kommunevalperioden:

1. Uthman Harbid

2. Annlaug Stokke

Varautsendingar:

1. Astrid Gjersdal

2. Øyvind Festø

PS 26/18 Orienteringssaker

OS 9/18 Sluttrapport kortversjon, prosjekt Skulebakken, orientering til kommunestyret

OS 10/18 Nettverkssamling i folkevaltnettverket 7. februar 2018 i Hornindal

OS 11/18 Årsrapport 2017 frå arbeidsmiljøutvalet

OS 12/18 Referat styremøte Søre Sunnmøre IKT nr 1-2018

OS 13/18 Sjukefråvær 2017



VOLDA KOMMUNE

OS 14/18 Status HMT - plan 2017

OS 15/18 Forskrift om samanslåing av Hornindal kommune og Volda kommuner til Volda kommune er fastsett

OS 16/18 Årsrapport om bruk av bedriftshelseteneste i Volda kommune 2017 frå Stamina Helse

PS 27/18 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane DS 14/18 Ferdigattest, tomannsbustad og garasje Gbr 11/101



VOLDA KOMMUNE

DS 15/18 Ferdigattest Gbr 12/54

DS 16/18 Ferdigattest, tilbygg Gbr 17/14

DS 17/18 Melombels bruksløyve Gbr 17/180/0/10

DS 18/18 Løyve til endring Gbr 17/241

DS 19/18 Igangsettingsløyve, parkeringsplass og ombygging Gbr 18/24

DS 20/18 Mellombels bruksløyve, på delar av tiltak Gbr 19/83

DS 21/18 Ferdigattest, ny bueining Gbr 19/160

DS 22/18 Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 19/471

DS 23/18 Ferdigattest, øyra skule Gbr 19/877

DS 24/18 Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 19/903

DS 25/18 Løyve til tiltak, felles garasje Gbr 19/493 og 19/991

DS 26/18 Igangsettingsløyve, 2 stk tomannsbustadar Gbr 19/1006

DS 27/18 Ferdigattest, bustad Gbr 21/142

DS 28/18 Ferdigattest, einebustad og garasje Gbr 27/12

DS 29/18 Løyve til tiltak Gbr 30/232 - Mesanin Prestegata 33

DS 30/18 Løyve til tiltak. ombygging Gbr 46/17

DS 31/18 Igangsettingsløyve, tilbygg Gbr 48/11

DS 32/18 Ferdigattest, tilbygg Gbr 54/1

DS 33/18 Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 106/4

DS 34/18 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 106/4

Møte slutt kl. 19.10.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
02.03.18

Sunniva Utnes
Konsulent